

## Vedtekter for Keipen Turlag Bremanger kommune.

### 1. Formål.

Laget skal arrangere turar og stimulere til allsidig tur- og friluftsliv i lagsområdet.

### 2. Målgruppe.

Laget skal, så godt som det let seg gjere, leggje til rette for aktivitet som høver for alle aldersgrupper.

### 3. Medlemmar.

Alle som betaler årleg kontingent til DNT og som ønsker Keipen Turlag som lokallag, kan vere medlem.

### 4. Styret.

Styret skal bestå av 6 medlemmar; leiar, nestleiar, kasserar, skrivar, 1 styremedlem og ein frå BT med personleg vara frå BT.

Alle skal veljast for 2 år på årsmøtet. Annakvart år bør høvesvis halve styret stå på val for å sikre kontinuitet.

Leiar skal veljast for eitt år på årsmøtet og styret konstituerer seg sjølv.

I tillegg vel årsmøtet 2 varamedlem til styret for 1 år.

2 revisorar og 2 medlem til valnemnd vert valde for 2 år.

Styret forvalter lagets midlar i samsvar med punkt 1.

Styret er vedtaksføre når minst 4 er til stades.

### 5. Årsmøtet.

Årsmøtet skal haldast før utgangen av Januar kvart år. Det skal kunngjerast minst 2 veker på førehand. Årsmøtet skal handsame:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Budsjett
- Val i samsvar med pkt. 4
- Eventuelle saker som er innkomne seinast ei veke før årsmøtet.

#### **6. Ekstraordinært årsmøte.**

Styret, eller 1/3 av medlemmane kan forlange ekstraordinært årsmøte.

#### **7. Forandring av vedtektene.**

Dersom 2/3 av dei frammøtte medlemmane på årsmøtet røyster for det, kan det gjerast forandringar og tillegg i vedtektene.

#### **8. Heidersmedlemskap.**

Heidersmedlemskap i KT kan tildelast personar som har gjort eit særleg stort og omfattande arbeid for laget. Styret vert tillagt retten til å gje slike heidersmedlemskap etter statuttane for «Statuttar for tildeling av heidersmedlemsskap i Keipen Turlag».

#### **9. Oppløysing av laget**

Dersom 2 årsmøter på rad, begge med 2/3 fleirtal, krev det, blir laget lagt ned. Egedelane til laget skal då tilfalle DNT Sogn og Fjordane.

#### **10. Bruk av hyttekonto.**

Når samla utgifter til hyttene overstig 10.000 kr, kan hyttekontoen nyttast.